

Ei liti helsing og takk til

Karl Hjelmtveit på 60 års dagen.

...9999999999...

Tone: Millom bakkar og berg.

1. På det høgreiste tun midt i bygda / her på Hopland du bygde din heim.  
Denne heimen du freista å trygda / slik det best høvde til - her i Seim.
  
2. Her du er vegull fram fekk å bera / fedrearven frå far og frå mor. --  
-- Det er mykje ein ungdom kan læra / når han syner slik ihuge stor.
  
3. Ungdomsåri dei var ikkje mange / før du vardest di oppgåva stor,  
og du sidan i arbeidsår lange / gav det beste - i gjerning og ord.
  
4. Det var bønder sin bate å tryggja / Denne oppgåva framfor deg låg.  
Det var heimane gode å byggja / som det største du framom alt såg.
  
5. Det er mykje som vinkar og lokkar / på ein mann med slik sergivnad rik.  
-- "Trass i kall frå dei ymse slags flokkar/eg nok aldri mi oppgåva svik.
  
6. Kan det lukkast å hjelpa dei mange / som i bygdene byggjer og bu.  
Kan dei lettast dei livskåri trange / vil eg vera den oppgåva tru."  
-----
  
7. Me er mange i dag som deg takkar / for du her sette kreftene inn.  
Trass dei lange og slitsame "bakkar" / kom til sist du med sigeren inn.
  
8. Og me vonar du stundom vil finna / at det godt etter livsverket gror.  
Me - i takksemnd - kvarandre vil minna: / Lat oss så i mor Noreg si jord.
  
9. Og tilsist vil me ynskja det beste / som kan henda for kvinna og mann.  
Må så ordet frå Gud gjeva feste / når di lina vert kasta i land.

Granne.